

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 22.06.2021

Marthe Hammer (SV) sette på vegner av SV, MDG, A, SP, KRF fram slikt forslag:

«Tillegg

Framlegg til Leiar er Marthe Hammer.»

Terje Søviknes (FRP) sette fram slikt forslag:

«Tillegg

Representanten Terje Søviknes vert vald som medlem i bustadforum.»

Avrøysting

Fylkesrådmannen sitt forslag med Hammer og Søviknes sine forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Fylkesutvalet godkjenner sluttrapport for tiltak 6 i handlingsprogram til *Regional areal- og transportplan for Bergensområdet*, med dei oppfølgande tiltaka saka og rapporten legg opp til.
2. Vestland fylkeskommune etablerer eit regionalt bustadforum i Bergensområdet, med det mandatet som ligg ved saka.
3. Regionalt bustadforum skal ha fylkespolitisk deltaking i tråd med mandat som ligg ved saka. Fylkesutvalet nemner opp følgjande som:
 - leiar: Marthe Hammer
 - medlem: Terje Søviknes
4. Det skal gjennomførast evaluering av Regionalt bustadforum første halvdel av 2023.
5. Kostnadene med Regionalt bustadforum blir dekkja innanfor avdelinga sitt budsjett